

Surt dametap for Rosendal

27.09.2009



Det var ikkje rart at trenaren, Tor Gundersen frå Uskedalen (biletet) fortvila etter det sure tapet som damelaget til Rosendal måtte døyva sundag ettermiddag.

Laget leia 2-0 tidleg i kampen men tapte til slutt 2-3 for Djerv og dermed kvikna nedrykningsspøkelset til igjen, skriv Kvinnheringen. To uskedelingar spela på laget i denne kampen: Gøril S. Eik og Anita Simensen.

Dette er det suraste tapet Gundersen har opplevd, innrørnte han etterpå.
Djerv putta inn sigersmålet berre eitpar minuttar før slutt.

Det hang att i beina at Rosendal dagen før klara 1-1 mot Odda i ein hengekamp.

Truleg er det eitt lag som rykkar ned medan det nest siste må spela kvalifisering. Dermed er det framleis eit visst håp sjølv om dei to siste kampane blir svært spanande.

(Foto: Jonn Karl Sætre, Kvinnheringen)